

## **Forslag til vedtektsendringer – må samanliknast med dei noverande vedtektene frå 2006, der linjene er nummererte.**

### **1 Formål**

*Forslag 1 – linje 2 til 11 vert erstatta med:*

Hordaland Nei til EU er eit fylkeslag i Nei til EU og har som formål å motarbeida norsk medlemskap i EU samt å arbeida for at EØS-avtalen vert erstatta av ein normal og likeverdig handelsavtale. Hordaland Nei til EU er ein tverrpolitisk og antirasistisk organisasjon. Hordaland Nei til EU skal arbeida for

- demokratiet og norsk suverenitet på område som er vesentlege for den norske velferdsstaten
- full handlefridom til ansvarleg forvaltning av miljø og ressurser
- at tilpasning til EUs indre marknad ikkje må skje på kostnad av solidaritet med land og folkegrupper som er mest avhengige av internasjonal hjelp og støtte

Hordaland Nei til EU arbeidar for å forhindra at norske lover og reglar - gjennom EØS-avtalen og på andre måtar – vert tilpassa til EUs indre marknad på tvers av fleirtalet sine grunnhaldningar ved folkerøystingane i 1972 og 1994. Verdier som fridom, rettferd, internasjonal solidaritet, nasjonalt sjølvstyre, respekt for grunnlova og miljøvern står framleis sentralt.

### **§ 2 Arbeidsformer**

*Forslag 2 – linje 13 til 17 vert erstatta med:*

Hordaland Nei til EU er ein tverrpolitisk og anti-rasistisk organisasjon som skal driva informasjon og argumentasjon kring Norge sitt forhold til EU og om EØS-avtalens verknader på folkestyre, demokrati og viktige politikkområde i landet. Hordaland Nei til EU samarbeider med Nei til EU sentralt om å oppfylla formålsparagrafen. Laget arbeidar for å styrke organisasjonsapparatet på lokalplan, og vil gjennom lokale aksjonar og informasjonsverksemd arbeida for å oppfylla formålet til organisasjonen.

Til grunn for fylkeslaget sitt arbeid ligg arbeidsplan for Nei til EU og for Hordaland Nei til EU, vedtekne på hhv. landsmøte og fylket sitt årsmøte.

### **§ 3 Medlemer**

*Forslag 3 – linje 22: **fins** vert erstatta med **er etablert**.*

### **§ 4 Årsmøtet**

*Forslag 4 – linje 27 – 40 vert erstatta med:*

Alle medlemer som har betalt kontingent, har røysterett på årsmøtet. Fylkesstyret kan avgrensa talet på utsendingar til eit visst tal pr. lokallag/kommune. Årsmøtet skal meldast minst seks veker i førevegen og med frist for når innkomne saker må vera styret i hende. Innkalling skal gjerast kjend med minst 14 dagars varsel. Ordinært årsmøte skal haldast årleg og innan utgangen av mars. Omfram årsmøte skal haldast når styret eller medlemmer frå minst ein firedel av lokallaga/kommunane krev det og skal meldast og innkallast med

minst 14 dagars varsel. Vedtak på årsmøtet krev alminneleg fleirtal, unntatt vedtektsendringar som krev to tredels fleirtal.

Årsmøtet skal:

- Handsama årsmeldinga
- Godkjenna rekneskap
- Vedta arbeidsplan og budsjett
- Handsama innkomne saker
- Velja leiar og styre
- Velja revisor
- Velja utsendingar til landsmøtet etter Nei til EU sine vedtekter
- Velja ny valkomite

## **§ 5 Styret**

*Forslag 5 – linje 43 til 53 vert erstatta med:*

Styret skal ha 5-8 medlemmer og 3-5 varamedlemmer, alle valde for eitt år. Styret har ein plass ledig for eit medlem frå UmEU. Dei vel sjølve kven dette skal vera.

Styret konstituerer seg på første styremøte etter årsmøtet, og skal velja nestleiar, arbeidsutval (AU), økonomiansvarleg/kasserar/rekneskapsførar, sekretær og kvinnepolitisk talsperson.

Styret skal leia og koordinera den lokale verksemda til fylkeslaget. Styret skal vera bindeleddet mellom medlemene, lokallaga og Nei til EU sentralt. Styret sine vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal. Styret er vedtaksført når minst halvparten av styremedlemene er til stades. Varamedlemene blir kalla inn til styremøta etter rekkefølge dersom nokon av dei faste styremedlemene har fråfall. Styret kan oppmoda varamedlemene til å møta uavhengig av fråfall.

AU kan førebu saker for styret og kan ta avgjerd i mindre saker som ikkje treng styrehandsaming. Alle saker som er handsama i AU skal leggjast fram for styret for endeleg vedtak, og/eller som orienteringssak

## **§ 6 Reaksjonar ovanfor medlemmer og lokallag.**

*Dette punktet er heilt nytt i fylkesvedtektene, og har såleis ingen eksisterande tekst.*

*Dette seier dei sentrale vedtektene:*

*Medlemmer i Nei til EU som opptrer i strid med vedtektene, kan av det sentrale styret ekskluderes som medlemmer eller fratras tillitsverv.*

*Den som får en reaksjon etter denne paragraf, kan anke sin sak inn for rådet som gjør endelig vedtak i saken.*

*Det skal innhentes en innstilling til rådet fra fylkesstyret hvor medlemmet hører hjemme, før saken avgjøres. Den som paragrafen anvendes overfor, har rett til å være til stede og uttale seg når saken behandles.*

*Medlemmer i Nei til EU som bryter retningslinjene for trygg organisasjon skal få reaksjoner vedtatt av arbeidsutvalget med ankemulighet til styret, slik dette er beskrevet i retningslinjene for trygg organisasjon.*

### **Forslag 6 – tekst i ny § 6**

Medlem av fylkeslaget eller lokallag som opptrer i strid med vedtektene, kan ekskluderast og/eller verta fråteken tillitsverv. I slike saker skal fylkesstyret alltid leggja saka fram for sentralstyret før endeleg avgjerd. Rådet i Nei til EU er ankeinstans i slike saker. Fylkesstyret skal utarbeida sak med innstilling, og fylkesstyret skal gjera vedkomande medlem merksam på retten vedkomande har til å uttala seg i saka.

### **§ 7 Endring av vedtektene. (tidlegare § 6)**

*Forslag 6 – linje 55 til 58 vert erstatta med:*

Desse vedtektene kan berre endrast ved to tredels fleirtal på lovleg innkalla årsmøte i Hordaland Nei til EU, og der endringsframlegget er gjort kjent i innkallinga.

### **§ 8 Oppløysing (tidlegare § 7)**

*Forslag 7 - ingen endringar bortsett to språklege endringar: 2/3 fleirtal vert endra til to tredels fleirtal, innkalt er endra til innkalla:*

Oppløysing av Hordaland Nei til EU kan berre skje ved to tredels fleirtal på lovleg innkalla årsmøte i laget, eller dersom Nei til EU blir oppløyst. Årsmøtet gjer i så fall vedtak om korleis midlane i laget skal disponerast.